

**Oppmannsrapport  
etter fellessensur i norsk skriftleg  
i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal**

**Sentralt gitt eksamen  
NOR0214, NOR0215 og NOR1415, 10. årstrinn**

**Våren 2013**

**Åndalsnes 29.07.13  
Anne Mette Korneliussen  
Oppmann**

## **Fellessensurmøte**

Fellessensuren vart gjennomført på Quality Hotel Alexandra i Molde 17. og 18.juni. Det vart halde førebuande møte med fylkesmann og oppmenn før fellessensurmøtet byrja 17. juni.

### **Kommentarar til eksamenssettet**

Settet er ambisiøst for ein 10.klassing. Det kan vere krevjande å svare på ei spissa oppgåvebestilling med fleire delar. Mange elevar er ikkje vane med å reflektere eller drøfte. Elevane treng meir trening i å tolke oppgåvene og få innhald i sentrale omgrep som drøfte, reflektere og ta stilling til.

#### **Førebuingdelen**

Alle veit noko om tema. Tema har mange innfallsvinklar. Vidareføring av ei meir norskfagleg line. Mindre omfattande tekstutval enn tidlegare. Utvalet av tekster er varierte. Tekstene har ulike sjangrar og kan både inspirere og provosere.

#### **Oppgåvene**

Oppgåvene er spissa og nært knytta til førebuingdelen og vedlegg. Kan løysast av alle elevane på alle kompetansenivå. Oppgåvene har fleire delar som elevane skal svare på. Elevane hadde mange oppgåver å velje mellom.

#### **Sakprega tekst, hovudmål**

Oppgåve 1: Ei krevjande oppgåve. Kva er ein usympatisk helt? Det varierer frå skule til skule kor mange som har svara på den. Fleire elevar skriv om usympatiske fotballspelarar. Mange legg mest vekt på å skildre ein usympatisk helt. Kva betyr « å ta stilling til». Eleven må ta stilling for å svare på oppgåva. Eleven må også reflektere over årsakene til at ein dyrkar heltar, ikkje berre skrive om usympatiske heltar.

Oppgåve 2: God oppgåve, men utfordrande. Bør ha ein brodd bak, ikkje berre tøys. Mange elevar svarar berre på halve oppgåva. Dei gløymer å samanlikne med fortida.

Oppgåve 3: Denne oppgåva har tre delar. Skal handle om nasjonale heltar. Dette er eit vanskeleg omgrep. Ramsar opp nasjonale heltar. Kva er å reflektere? Mange elevar svarar på berre delar av bestillinga.

Oppgåve 4: Elevane må svare på begge ledda: Ta stilling til og drøfte. Lite drøfting på skilnaden mellom mannlege og kvinnelege heltar. Mange skriv om jenter og kva dei vert lærte opp til. Manglande samanheng mellom dei to delane. Mange heng seg mest opp i den første delen av oppgåva. Kan mistolkast: Kvinner sine heltar og menn sine? Eller kvinnelege heltar og mannlege?

Oppgave 5: Vanskeleg definisjon. Elevane klarer ikkje å ta utgangspunkt i han.

Oppgave 6: Oppgåva har tre delar. Ei god og kanskje enkel oppgave. Mange skriv om den første delen, men svarar ikkje på dei to siste. Nokre elevar vert lurt til å gå i ei oppramsingsfelle. Ein del elevar reflekterer over lista.

Skjønnlitterær tekst, sidemål

Oppgave 1: Begge elementa i bestillinga må vere med. Det vert ofra mykje, men saka og det å tru på kjem i bakgrunnen. God oppgave. Utfordringa vert å svare på heile oppgåva. Ein kan fritt fram skrive om kva helt som helst.

Oppgave 2: Superhelt vert oftast supermann. Det er få kontrastar. Mange er på gamleheim og det vert lite fokus på livet før. Korleis er livet som gammal? Mange finn dette vanskeleg å svare på. Kan vere litt superhelt sjølv om ein er gammal. Må ha eigenskapane til ein superhelt.

Oppgave 3: I mange av tekstene vert hovudpersonen helt i siste avsnitt. Det er lite om heltedyrking, som skal vere med i oppgåveløysinga. Fleire elevar svarar berre delvis på oppgåva. Retrospektiv teknikk vert nytta av mange.

Oppgave 4: Både tida før og under må vere med. Det vert opp til eleven kor stor plass delane har i handlinga. Kvifor gir ein utdrag frå skodespel som sjanger? Dette er ei god oppgave. Teksthefte er til god hjelp. Vert dette ei oppgave for dei svakaste elevane?

Oppgave 5: Relasjonen mellom bestefar og barn må vere med. Mange plottlause tekstar. Novelle er ein krevjande sjanger. Oppgave for elevar med høg måloppnåing. Dette er ei god oppgave. Skriv ei novelle frå barnet sin synsvinkel. Nokre har ikkje farfar med, men dette ligg implisitt i bestillinga. Barnet sin synsvinkel kan vere vanskeleg for mange. Elevane skriv heller ei forteljing om meg og farfar.

Oppgave 6: Vanskeleg oppgave. Må velje eit anna perspektiv og finne ei naturleg konflikt. Mange elevar gløymer ofte alle hjelparane. Hjelparane kjem inn i teksta i siste avsnitt.

Oppgave 7: Ein må kunne kjenne att eigenskapane til Oskeladden. Kva er ein moderne oskeladd? Kvifor heiter han Oskeladden i moderne tid? Blir ikkje sjølvstendig tekst. Elevane lagar ei omskriving av kjende eventyr, men med moderne hjelpemiddel. Dei som vel eventyrsjangeren, går fort over til forteljing.

## Ymse

Sensorane rapporterte om ulik praksis mellom skulane korleis dei organiserer førebuingstida til elevane. Ikkje alle har like mykje tid i fellesskap. Elevane sine føresetnader vert då ulike. Her kunne ein trenge ein tydelegare mal.

Sensorane er godt nøgde med matrisa og vurderingsskjemaet. Begge er nyttige verktøy i sensorarbeidet. Det vart peika på at matrisa ikkje klarer å fange opp alle nyansar, men at sensorane sitt faglege skjønn og vurderingskompetanse gjer at det fungerer. Sensorskuleringa er svært viktig og gjer at tolkings- og vurderingsfellesskapet i sensorgruppa er i utvikling mot meir eins praksis.

Eksamensrettleiinga var godt motteken av skulane og sensorane. Elevane skal ha fått kjennskap til denne i god tid. Skuleleiinga har her eit viktig arbeid med å spreie informasjon nedover i systemet til faglærarane. Nokre sensorar peika på at det er uheldig med endringar av skrifttype og skrive sjanger eller ikkje skrive sjanger frå år til år. Fleire sensorar sakna likevel sensorrettleiinga.

Førehandssensuren er til god hjelp i sensorarbeidet. Rettleiingane frå førehandssensuren bør leggjast ut i PAS.

Sensorane peika på at lenkjene i PAS ikkje er merka og at ein brukar unødvendig tid og energi for å leite etter rett dokument. Lenkjene må få namn.

Det var også eit ønske om at det skulle vore mogleg å skrive ut alle tekstene i PAS frå ei klasse samstundes berre ved å trykke på ein knapp.

Sensureringa gjekk føre seg utan store problem. Sensorgruppa er no ei fin blanding av erfarne og nye sensorar. Vurderingskompetansen ein får gjennom å vere sensor er god utdanning i vurdering for kvar einskild og gjennom spreieing av kompetanse rundt om på skulane.

Anne Mette Korneliussen

Oppmann